

ÅRSMELDING FOR JÆRMUSEET 1995

OPPSUMMERING OG REFLEKSJONAR FRÅ STYRET VED ÅRSSKIFTET

1995 var eit spennande år for Jærmuseet. Det gledde oss svært at kulturminister Åse Kleveland ville opna det nye museumsbygget, og at ho var godt fornøgd med både bygget og museumskonseptet vårt. Men først og fremst var me spenta på publikums oppslutning og publikumsreaksjonar. Over 36.000 besøkande oversteig forventningane våre. Det er gledeleg at bygget har blitt nytta av så mange ulike grupper i tillegg til enkeltbesøkande.

Styret har og med stor glede registrert at Jærmuseet har fått stadig aukande velvilje og fagleg posisjon i løpet av 1995. Eit døme på dette er framlegget frå fylkeskommunen om at me skal få to nye stillingar i 1996, ein konservator med hovudansvar for Flymuseumet og andre spesialmuse i Jærregionen og ein museumspedagog. Denne sistnemnde stillinga ser me på som ei anerkjenning av det omfattande formidlingsarbeidet som museet har hatt gjennom ei årrekke.

Styret ser det som ei høgt prioritert oppgåve å leggja eit tryggare økonomisk grunnlag for drifta ved Jærmuseet. Me har gjennom åra følt stor anerkjenning for den oppfinnsomheit og faglege dugleik som museumsstyraren og staben hennar har hatt når det gjeld å finansiera og gjennomføra aktivitetar som har ført oss fram til den status som Jærmuseet har i dag både i fagmiljøet og alment. Det er likevel ikkje

haldbart å leva altfor mykje og altfor lenge på ei «økonomisk knivsegg», slik som me har gjort gjennom dei siste åra i aukande grad. Styret må i kommande år prioritera ei betre økonomisk sikring av dei stillingane som me har for å halda oppe den daglege drifta ved museet og museumsgarden. Me har ansvaret for ei omfattande og arbeidsintensiv bedrift med årsomsetning på ca. 5 mill. kroner.

Styret har i 1995 lagt grunnlaget for vidare framdrift av det andre byggetrinnet på Kvia, med føringar for eit seinare 3. byggetrinn (avdeling) av handverk og industri i Sandnes. Me reknar med at framdriftsplanen for 2. byggetseg skal bli fastlagt i 1996 med forventa byggestart i 1997. Trass i mange positive reaksjonar på bygget og aktivitetane våre, er det tydeleg at publikum forventar meir utstillingar, og publikumstilbodet er ikkje tilfredsstillande før 2. byggesteg er realisert.

Styret er glade for det gode og inspirerande samarbeidet mellom styreleiar, styre og administrasjonen. Elles vil me takka for godt samarbeid med pressa. Ikkje minst i samband med opninga hadde både lokale aviser, radio og lokal-TV fine presentasjonar av museet.

JÆREN MUSEUMSRÅD

Jæren museumsråd hadde årsmøte 27. april i Sandnes rådhus. Rådsordførar Kari Austenå ynskte rådsmed-

lemmene og møtedeltakarane vel møtt. Varaordfører Endre Skjørestad helsa frå kommunen og ynskte Jæren Museumsråd velkomne til Sandnes. Av 29 rådsmedlemmer oppnemnde av kommunane og fylkeskommunen møtte 17 representantar, av desse 1 varammann:

Av 4 rådsmedlemmer valde frå organisasjonar og bedrifter møtte 3, og av representantar valde av personlege medlemmer møtte 1. Tilsaman møtte då 21 av 36 rådsmedlemmer. Elles møtte representantar frå ulike lag, personlege medlemmer, gjester og tilsette – tilsaman 37 deltakarar. Dette er langt færre deltakarar enn vanleg.

Årsmøtet handsama og godkjende årsmelding og rekneskap for 1994, vedtok strategi- og handlingsplan for Jærmuseet 1995–2000, arbeidsprogram for 1995 og kontingent og budsjett for 1996. Med 18 mot 3 stemmer (frå Sandnes) vedtok rådsmøtet å tilrå kommunane å godkjenna ein kontingent på kr. 6,55 pr. innbyggjar frå 1996. Styreleiar, nestformann, rådsordførar og styremedlemmer med vararepresentantar frå private medlemmer vart alle attvalde. Anfinn Lorentzen vart vald som ny vararådsordførar.

STYRET

– fram til 1.12. 1995:

Jone Vadla, private medlemmer, formann
Roald G. Bergsaker, Sandnes, nestformann
Kari Austenå, Randaberg
Anfinn Lorentzen , Time
Einar Lea, private medlemmer
Trygg Mæland/Gitle Byberg, Sola
Eldar Odland, Rogaland fylkeskommune
Tobias Skretting, Hå

Odd Særheim, Klepp
Liv Todnem, Gjesdal

Varamedlemmer:

Etter kommunevalet var det noko uklart korleis den nye kommunelova skulle tolkast m.o.t. skifte av styrerepresentantar. Ein konkluderte med at nye styremedlemmer skal tre i funksjon når dei er valde og såleis følgja praksisen i kommunale nemnder. Museet tok difor avskil med dei gamle styrerepresentantane på styremøte 1.12.

Styret etter 1.12. 1995:

Jone Vadla, private medlemmer, formann
Einar Lea, private medlemmer
Roald G. Bergsaker, Rogaland fylkeskommune, nestformann
Olav Sande, Randaberg
Anfinn Lorentzen , Time
Einar Jan Ronæs, Sola
Karin Røyseland Jordal, Sandnes
Ole I. Bore, Klepp
Eldar Odland, Hå
Liv Todnem, Gjesdal

Varamedlemmer:

Sævar Haugland, private medlemmer
Karl Sveinsvoll, private medlemmer
Ruth Thu, Rogaland fylkeskommune
Kari Austenå, Randaberg
Målfrid Røyneberg, Sola
Svein T. Berge, Sandnes
Turid Barvik, Time
Helge Braut, Klepp

Rasmus Pollestad, Hå
Endre O. Haus, Gjesdal

Styret har i meldingsåret hatt 7 styremøte og behandla 48 saker. Dei viktigaste spørsmåla har vore saker i samband med økonomi og budsjett, strategi og planar for vidare utbygging.

Formannen, nestformannen og styraren har utgjort eit eige arbeidsutval som har samrådd seg i ein del saker.

Nemnder oppnemnde av styret:

Redaksjonsnemnd for årbok:

Asgjerd Taksdal, Lars Gaute Jøssang, Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland.

Byggenemnd:

Jone Vadla, formann, Arne Hodne, Johan Vestvik, Målfrid Snørteland, Målfrid Grimstvedt

Styringsgruppa for Kviagarden:

Jærmuseet sine representantar: Tobias Skretting, Målfrid Snørteland.

PERSONALET

Jærmuseet har i 1995 hatt desse tilsette «innanfor tilskotsordninga»:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 stilling
Sverre Skjæveland, handverkar, 1/1 stilling
Målfrid Grimstvedt, konservator, 1/1 stilling

Stillingar og engasjement «utanfor tilskotsordninga»:

Lars Ødemotland, gardsstyrar og arbeidsleiar, 1/1 stilling
Björg Sandve Tjøtta, formidlar/assistent 1/1

stilling Oddvar B. Høyland, aktivitetsleiar, 1/1 stilling
Torbjørn Hertel-Aas, prosjektmedarbeidar, deltid
Solfrid H. Ødegård, 80 % intervju, 1.01–11.05, utskrivning av intervju.

«KAJA»/attføring:

Henny Torill Haver, 100 % stilling kontor, mellombels engasjement frå 16.10.)

Oddvar S.E. Lode, 100%, gardsarbeid/div. vedlikehald

Berit Pollestad, 60 %, kontor/dataregistrering, frå 19.06.

Kurt Fiskebekk, 100 %, vedlikehald/gardsarbeid, frå 2.10.

Timeengasjement resepsjon, vakt, kafe, servering:

Sigrun Ødemotland, Sissel Ødemotland, Helen Ø. Larsen, Bergljot Undheim, Helga Motland, Bente Undheim, Solveig Søyland, Else Havik, Torill Tegle.

Avløysarar, gardshjelp:

Sissel Ødemotland, Helene Larsen, Jon Obrestad, Eirik Lode, Jon Obrestad, Svein Motland

4H-gardsvertar:

Åsgeir Åsland, Tarald Håland, Steinar Kartavoll, Torunn Folerås, Ingunn Reime, Lene Qvalbein, Anne Mette Bjelland

Ferievikarar:

Ragnhild Thu, Siv Skretting, Håkon S. Daltveit, Lars Ole Grimstvedt.

Særskilde engasjement:

Eldbjørg Fossgard, SEFOS UiB, 1.09.-31.12., doku-

mentasjonsprosjektet «Teknisk utvikling i norsk jordbruk».

Tilsaman utgjorde timeengasjerte, ferievikarar etc. 2,2 årsverk. I tillegg kjem 428 timar betalt overtid til fast tilsette. Med fast tilsette, div. sysselsetjingsprosjekt og deltidsengasjerte hadde Jærmuseet i 1995 12 årsverk.

OPNING AV NYTT MUSEUMSBYGG – 1. BYGGESTEG

Endeleg! 29. mars 1995 kunne statsråd Åse Kleve-land føreta offisiell opning av nybygget til Jærmuseet, 10 år etter at museet vart stifta. Og statsråden let vel over det ho såg og høyrde. I tillegg til statsråden var og mykje anna gjevt folk samla på Kvia denne dagen – frå fylkesmann Tora Aasland, ordførarar og rådmenn frå eigarkommunar og fylkeskommune, museumskollegaer, sponsorar, andre gode medhjelparar samt representantar frå Norsk Kulturråd og NKKM, tilsaman over 100 inviterte gjester.

Asgjerd Taksdal, Hanne Mæland og Leif Ree Pedersen framførde utdrag frå «Haugtussa», 2. klasse ved Undheim skule demonstrerte ullarbeid og Hå musikkskule underheldt med song.

Takk og til Hå kommune som inviterte til middag på Hå gamle prestegard for kulturministeren m/følgje, styret, arkitektar og tilreisande gjester. Den lokale pressa hadde og fin dekningf av opningsfesten, og museet fekk og gode presentasjonar i fleire media. Stavanger Aftenblad og Jærbladet hadde eigne gratulasjonsannonser.

Bygget er blitt reist i samsvar med vedtatt kostnadsramme. Ennå gjenstår ein del innreiingsarbeid, særleg i verkstaden, og innkjøp av inventar.



Under opninga av Jærmuseet fekk kulturminister Åse Kleve-land overrakt ein kopi av jærsk vindmaskin frå styreleiar Jone Vadla.

Samla finansieringsplan for hovudbygg, auditorium og verkstad har vore:

Medlemskommunane	
(hovudbygg)	4.852.00
Rogaland fylkeskommune	5.170.00
Norsk Kulturråd	3.700.00
Hå kommune*	2.000.00
Husleige Hå bygdemuseum	650.000
HVPU/Hå	60.000
Rog.landbr.selsk.	25.000
BU midlar	150.000
Private midl. + spelemidl	2.623.00
Renter	30.000
SUM	19.260.000

* Skal tilleggast 2. byggetrinn

Pr. 31.12. 1995 manglar 100.000 kroner i tilskot frå Rogaland fylkeskommune, omlag 220.000 i spelemidlar og vel 200.000 i private midlar. Desse midlane er forskoterte av Hå kommune.

KVIAGARDEN

Gardsdrifta

Drifta på garden har også dette året tatt sikte på å visa eit allsidig husdyrhald og ulike plantekulturar med utgangspunkt i 1950-talet. Ein har i hovudsak følgd same driftsopplegg som tidlegare år.

Husdyra

Museet har som kjent ein bevaringsbesetning av vestlandsk raukoll + ei jersy ku

Tilvekst i besetningen på Kviagarden 1995

Ku	Kalvingsdato	Avkom
Silkrei, (vr)	29.03	12 Åse (vr)
Plomrei, (vr)	30.04	13 Tobine (vr)
Dokka, (j)		ikkje kalv i 1995
Solrei, (vr) <i>slakta</i>	04.08	<i>14 kalv</i>
Kvirei (vr)		<i>slakta</i> 22.10
Fagrei (vr)	02.07	kalven slakta

Sidan kalven til Silkrei blei fødd same dag som opninga av museet, fall det svært naturleg at den nye kossekalkven fekk namnet Åse. Då kalven til Plomrei kom månaden etter, vart namnet sjølvsaagt Tobine – etter dåverande Hå-ordførar.



Den eine gåsa ruga ut 11 gåsungar denne våren. Museumsbygget i bakgrunnen.

Fagrei, som var berre kvigungen, vart utsett for ein fremmeleg stutpose hausten -94 og det uekte avkommet blei slakta i januar -96.

Tilliks med i fjor har museet siste året hatt 3 fjordhestar – Sandrina, Englida og Veslemøy. Veslemøy held nå på å bli innkøyrd, men er ennå for urøynd til persontransport.

Jon Obrestad har framleis nokre sauer på Kviagarden. I tillegg hadde museet 2 kopplam som vart gaaande fram til jul – til kos og glede for alle borna.

Museet si grisepurke grisa 19. januar. Etter nokre månader blei 12 stk. selde. Grisepurka fekk eit nytt kull 25. august. Desse 9 grisungane blei selde i oktober. Men den tidlegare mobba og utstøytt «Griseknoen» fekk vera att på garden. Han er blitt reine kjendisen, både i Stavanger Aftenblad og NRK, og er blitt vel van med å vera midtpunktet når skular og barnehagar kjem på besøk.

Norsk landbruksmuseum spurde om plass for ei

svart purke dei hadde kjøpt på Salte. Purka kom til Kvía rett før ho skulle grisa. I tillegg hadde ho vond bakfot og dårleg matlyst, noko som resulterte i lite mjølk. Storparten av kullet strauk med nokså fort. Og trass i iherdig innsats med mating, overvaking og fleire dyrlegekonsultasjonar klarte ein ikkje å berga resten heller. Ein vil likevel freista med eit nytt kull kommande år.

Gjæsene, «vakhundane» våre, fekk avkom dette året. Den eine fekk rett nok berre ein gåsunge, truleg fraus egga. Den andre gåsa klemde seg ned i rotskota frå syrinbusken, laga seg til reir av grasstrå og dun og ruga ut 11 ungar. Gassane heldt både barn og vaksne på tilbørleg avstand, jamvel grisen fekk gjennomgå. I sommarmånadane blei dei forviste til Klauhaugane. Då var det sauene som blei utsette for iltre gåsenebb.

Elles forsyner hønsa kafeen med egg til lappar og gome.

Åker og eng

På «*Trikanten*» og delar av «*Vodlen*» vart det dyrka potet (Kerrs Pink). Ein svært god sommar resulterte i store knollar, men og ein del blautrote. Noko blei seld på museet, men storparten av avlinga vart levert til Norske Potetindustrier på Klepp st. På grunn av stor etterspurnad etter tomkassar, kom ein svært seint i gang med opptaket. Ein del av potetene blei difor frostskadde og til potetmjølproduksjon.

På «*Vodlen*» blei det og dyrka kålrot og andre grønsaker.

Ein stor del av kålrota blei hausta tidleg og seld til gode prisar. Det som ikkje var salsvare blei fora opp. Verre var det med dei ulike kålslaga. Storparten av avlinga vart angripen av kålmøll.

Nedom huset blei det sådd nokre småstykker med forbete, slik at kyrne fekk rotfrukter ut året.

På «*Vestre Vodlen*», ved nybygget, var det sådd havre. Ein del vart hausta med sjølbindar på korndagen, noko vart hausta i lag med skuleklassar. Det blei sett opp kornstakk på same staden som i fjor.

«*Tingsteinsvodlen*» blei også dette året nytta til eng. Førsteslåttan blei hausta på tradisjonell vis med hesjing og turrhøy. P.g.a. knappheit på personale måtte ein under 2. slåttan ty til nyare teknologi som plastballar. Etter 2. slåttan blei arealet nytta til beite.

Elles beita kyrne storparten av sesongen på «*Bekkjavodlen*». Hestane beita og i friområdet – dels til sjenanse for meir engstlege turgårar og dels til skade for dei nyanlagde og nytilsådde gangstiane. På bakgrunn av dette vil ein til neste sommar gjerdja av større område.

Jordbruksinntektene, d.v.s. sal av grønsaker, husdyr og produksjonstilskot, blei tilsaman ca. 83.000,- kroner. Utgiftene til gardsdrifta, inkludert utgifter i samband med PU-aktivitetar, utgjorde omlag 110.000,- kroner. Då er ikkje lønsutgifter medrekna.

Elles slit ein med vanskeleg personalsituasjon og eit svært så usikkert økonomisk grunnlag for gardsdrifta. Gardsstyraren må og fungera som vaktmeister og magasinansvarleg. Han har vore utleigd som arbeidsleiar for turvegprosjekta. Saman med handverkaren har han og hatt ein god del arbeid i samband med istandsetjinga av Krossens Havremølle.

Dette året har me i tillegg hatt ein person på attføring. Her får me refundert 75 % av lønskostnadene. Frå oktober fekk ein dessutan ein ny person på «*KAJA*»-prosjekt.

Til stell i helgar og høgtider har museet i hovudsak

nytta timeengasjerte. Det siste halvåret har 4H-gards-vertane tatt ettermiddagsstellet i helgane.

Storparten av utgiftene på Kviagarden må såleis dekkast av den særskilde avtalen museet har med helse- og sosialetaten i Hå kommune. Men denne avtalen blir berre fornya for eitt år om gongen, og er såleis eit svært usikkert driftsgrunnlag. Det same er ordninga med ulike sysselsetjingsprosjekt.

Manglande fast personale fører og til at ein ikkje får oppfylt målsetjingane om å ta vare på og vedlikehalda kunnskapen om eldre arbeidsmåtar og reiskap- bruk på ein systematisk måte.


Samtidig må me understreka at gardsdrifta er heilt avgjerande for museet si formidling og publikums- oppslutning.

FORMIDLING

I samband med opninga av nytt museumsbygg har ein naturleg nok auka publikumsaktiviteten vesentleg. Sidan utstillingstilbodet førebels er nokså begrensa, er andre typar aktivitetar avgjerande for å halda oppe interessa hos publikum. Me byggjer i hovudsak på tidlegare års erfaringar og opplegg, men har nå fleire aktivitetsdagar. Samanlikna med tidlegare har oppslutninga om dei enkelte dagane gått nedover, men det samla besøket på sundagane er sjølvstøtt langt høgare. Besøkstalet har variert frå rundt 150 opp mot 1000 på dei mest besøkte dagane.

Det har i år vore følgjande aktivitetsdagar/tilstel-lingar.


23. april. Frå spade til vendepløg.



21. mai stod Jæren Husflidlag for ulike aktivitetar ute på museumsområdet, m.a. lærte borna å laga seljefløyte.

- 30. april. Vårdag med planting av ulike grønnsaker og poteter.
- 7. mai. Vandring med guide i krigsminna på Hana-berget.
- 14. mai. Veteranbiltreff i samarbeid med Gammel- bilens Venner og Ree Bilmuseum.

- 21. mai. «Eg gjekk ein tur på stien» i regi av Jæren Husflidlag.
- 18. juni. Slåttdag.
- 23. juni. Opning av Hanabegsmarka kulturminne- og friluftsområde.
- 23. juni. Jonsok-feiring med bål i samarbeid med Hå kommune og 4H-klubbane i Hå.
- 25. juni. Slåttdag og oppstart med naturlosar i Hanabergsmarka.
- 20. aug. Haustdag med grønsaker i lag med Gartnerhallen.
- 3. sept. Korndag.
- 10. sept. Markering av Naturvernåret i regi av Hå kommune.
- 17. sept. Sauedag.
- 1. okt. Potetdag.
- 26. nov. Nisseutstilling med nissar laga av Mary Skjæveland.
- 10. des. Juletradisjonar og laging av rullepølsa og julepynt.



Frå opninga av Hanabergsmarka kulturminne- og friluftsområde.

- 17. des. Juletradisjonar og laging av persesylta og lysstøyping.

Rogaland 4H har hatt aktivitet i tunet på 4H-garden 2 sundagar i haust.


Me har fått hjelp av følgjande lag/organisasjonar og privatpersonar i år:

Jæren Husflidlag, 4H-klubbane i Hå, Gammelbilens Venner, Gartnerhallen, Hå kommune ved Egil S.Tofte, Nærbø Sau og Geit, Oddmund Hauge, Folke Ravndal, Karl Grude, Ottar Kvia, Nils Njå, Jan og Anlaug Refsnes, Ingfrid Høyland, Jone Vadla, John Olaf Grimstvedt, Svein Varhaug, Mons P. Bjorland, Ivar Topdal, Oddveig Bø, Valborg Gudmestad, Mary Skjæveland.

Utstillingar

Som kjent er det berre 1. byggesteg av det nye museumsbygget som er realisert. Eit eige utstillingsbygg med magasin i underetasjen er prosjektert, men manglar finansiering. I 1. byggesteg har museet prioritert å gi dei restaurerte og mest verdfulle veterantraktorene og den første Brøyt X ei trygg oppbevaring i det opne magasinet. Med eit utval plogar og nokre landbruksmaskinar til, er denne plassen oppfylt. Elles er det «hemsen» og arealet mellom resepsjonen og kontordelen som kan nyttast til mellombels utstillingar.

Museet laga si første større utstilling i det nye museumsbygget, ei utstilling som vart opna samband med opninga av museumsbygget 29. mars. Torsdag 31. mars inviterte me utsendingar frå dei lokale sau- og geitealslaga, Jæren Smalelag og andre sauefolk til



ei særskild opningshøgtid saman med andre inviterte gjester. Eit høgdepunkt denne kvelden var serveringa av myrmjølkk.

Arbeidet med ull hadde sin eigen avdeling i utstillinga. Bjørg Njå blei engasjert til å sette opp 20 meter vadmålsrenning på ein gammal vev. Ho demonstrerte veving ved ulike høve gjennom året. Det er planen å bruka dette stoffet til arbeidsklede på museet, spesielt



Mary Skjæveland frå Kvernaland formar dei mest utrulege nissefigurar. 26. november blei årets produksjon utstilt på Jærmuseet.

i samband med drifta av Audamotland som ein gard frå 1850-talet.

Målfrid Grimstvedt og Torbjørn Hertel-Aas hadde ansvar for innhaldet, medan Petter Dimmen var engasjert til å formgi utstillinga. Byggmester Trond Nærland laga «fjellet» som tekst og foto var festa til. Elles var dei fleste på museet med i utstillingsproduksjonen. Det hadde ikkje vore mogeleg å finansie-



Oppunder jul sende NRK-lokalen ei heil morgonsending direkte frå Jærmuseet. Her intervjuar Øystein Ellingsen Anna Risa om gamle mattradisjonar.

ra denne utstillinga utan ei støtte på kr. 60.000,- frå Hå Bygdemuseum. Ikkje noko tilskott samla inn til bokprosjektet vart brukt her.

I desember laga ein til ei enkel utstilling med gamle julekort, julehefte og julepynt på hemsen.

Ved resepsjonen laga ein til utstillinga «*Bortimode jul*» som viste utstyr og kjøkkenreiskapar nytta til baking og laging av kjøtmat

Publikumsreaksjonar

Reaksjonane frå publikum er delte. Dei fleste er positive til bygget, til aktivitetane og området omkring.

Men ein del er og skuffa over manglande utstillingar. For folk flest er «museum» framleis eit hus med ting i. Ikkje alle koplar t.d. aktivitetane på Kviagarden til Jærmuseet. Erfaringane tilseier at ein til neste år kanskje må vera meir aktiv ovanfor publikum ved å f.eks. tilby fleire gaida opplegg.


I juli månad blei det på oppdrag av Nordsjøvegen gjennomført ei publikumsundersøking på fleire av reisemåla i regionen. På Jærmuseet blei ca. 50 skje-ma returnerte. Sjølv om fleire her også etterlyste utstillingar, var dei fleste reaksjonane positive. Me registrerte og at i hovudsak var dei langvegssfarande meir positive enn dei lokale besøkande.

Skular og barnehagar

Besøket frå skular, barnehagar og ferieklubbar har mest dobla seg i løpet av året. Her har vore 102 skuleklassar, 69 barnehagar og 15 feriegrupper. Dei fleste har delteke i opplegget «Læra med å gjera» og tilbakemeldingane frå gruppene har vore svært positive. Det er og laga til eit utvida undervisningsopplegg for skulane i Hå i tilknytning til Jærmuseet. Elevar i 4 klassar frå Bø skule på Nærbø har tilsaman følgd opplegget 30 gonger gjennom heile arbeidsåret. «Julenissefesten» «før jul er stadig svært populær og 36 grupper var med dette året. Dersom ein hadde plass og tid kunne ein hatt minst 50 grupper meir på dette opplegget.

Björg Sandve Tjøtta har stått for det meste av dette tilbodet, men ho har i periodar hatt noko hjelp frå andre. Mesteparten av gruppene kjem med tog til Nærbø, der dei vert henta med hest og kjerre, eller traktor og tilhengar.

Norsk Kulturråd har og dette året gitt eit tilskot på



Første veka i juli var det tid for den internasjonale museumskongressen i Stavanger. Jærmuseet fekk besøk av mange kollegaer frå ulike land og verdsdelar. Bjørg Sandve Tjøtta (t.v.) kinnar smør, medan Bjørg Njå (t.h.) vev vadmål.



kr. 100.000 til aktivitetsopplegget på Kviagarden i samband med deira prosjekt «Barn, unge – museer». Vidare har museet hatt besøk av 19 klassar frå vidaregåande skule og 7 studentgrupper.

ICOM

Under den internasjonale museumskongressen i Stavanger 1. veka i juli hadde Jærmuseet besøk av mange ulike fagkomitear. Det var komiteane for regionale museer, museumspedagogane, tekniske museer, draktforskare og PR-komiteen. I tillegg vart det skipa til to kveldsturar til Jærmuseet med over 90 deltakarar kvar kveld. Deltakarane blei presenterte både for Jærmuseet m/Kviagarden og Hanabergsmarka kulturminne- og friluftsområdet. I tillegg til museet sine tilsette vil me særleg takka Serinius Trodahl, Jon Vidar Hansen, Jone Vadla, Einar Lea og Hanne Thomsen som stilte som «vertar» og fagpersonar. Elles fekk gjestene servert kjøttsuppe, heimelaga flatbrød frå Bjerk-

reim og tradisjonell kaffimat. Georg Pollestad, Kjell Gudmestad og Siri Erland underheldt med munnspel og visetonar frå ulike land. Den eine av dei fire hovudekskursjonane, med ca. 170 deltakarar, gjekk over Jæren til Dalane og hadde lunsjstopp på museet. Her vart dei helsa av fylkesmann Tora Aasland. Gaiding og informasjon var lagt opp på same måte som under kveldsarrangementa - d.v.s. gaida tur ut i Hanabergsmarka og elles «vertar» stasjonerte rundt på ulike postar i museet og på garden. Dei aller fleste, både norske og utanlandske kollegar, var begeistra over museet, området og ideane bak prosjektet.

Gruppetilbod og utleige

Museet har hatt besøk av mange ulike grupper – bedrifter, lag og organisasjonar, foreningar, private selskap, institusjonar. Auditoriet har og vore utleigd til kurs. Fleire av gruppene bestiller og matservering i samband med besøket, og me kan tilby kald og

varm mat, alt etter ønskje. Eit vanleg opplegg går ut på omvising i museet, ein tur på garden, eventuelt tur i friområdet og så servering i kafeen. Me har og byrja å få besøk frå bedrifter som ønskjer ein tur for sine tilsette, med matsservering og ulike aktivitetar.

Totalt besøk

Medrekna enkeltbesøk, skular, barnehagar og ulike andre grupper hadde Jærmuseet i opningssesongen vel 36.000 besøkande. Dette er me svært godt nøgde med. Billettprisen for vaksne blei fastsett til kr. 30,-, barn 5–18 år kr. 10,- og medlemmer kr. 20,-. Elles blir det gitt rabatt for grupper over 10 personar. I tillegg har ein høve til å kjøpa årskort – kr. 100 for enkeltpersonar og kr. 200 for familiekort. Billettinntektene første driftsåret blei vel 485.000, inntektene frå skular og barnehagar har vore 113.000 og utleige har utgjort ca. 100.000.


Suvenirsal og butikk.

Ein har i hovudsak satsa på suvenir/varer frå lokale produsentar som leverer varer i kommisjon. Det sparer museet for å binda kapital i varelager, men gir mindre fortjeneste på det enkelte produkt. Ein har og inngått avtalar om produksjon og sal av varer som kun kan seljast på Jærmuseet. Elles er det sal av gamaldags drops som toppar salsstatistikken.

Totalt har det vore ei omsetning i museumsbutikken på omlag 114.000. Fortenesta første året er likevel ikkje særleg stor.

Kafédrift.

I kafeen har ein satsa på eit tradisjosrikt varespekter



Dei vakre bordløparane i museumskafeen er spesialbestelte og vovne av Anna Risa på dagavdelinga på sjukeheimen på Nærbø.

med lefsa og gome, syrekaker, lappar, brus, kaffi og te. Til grupper kan me og tilby tradisjonelle middagssrettar som komla, lammefrikassè, kjøttsuppa og kjøttkaker. På grunn av liten kapasitet på kjøkkenet må ein basera slik servering på catering. Etter kvart tar ein sikte på å utvikla meir spesielle menyar. Omsetninga i kafeen, inkludert servering til grupper, var i 1995 ca. 336.000. Diverre manglar me dette året nøyaktige registreringar av lønnskostnadene ved kafe-drifta, men drifta går så langt med overskot.

Tilbod til psykisk utviklingshemma.

PU brukar pr. i dag Jærmuseet med Kviagarden 3 dagar i veka. Mandag føremiddag er Rune Berge her med ei gruppe frå Nærlandstunet. Dei matar gjessene, ser om dei andre dyra på garden, går ein spasertur på området, drikk kaffi og et mat i tunet eller i huset på garden. Besøket blir avslutta med ein tur med hest og

kjerre. Torsdag og fredag er det brukarar fra boligane i Hå kommune som nyttar området. Toril Tegle er med desse dagane og har ansvaret for dette tilbudet saman med Bjørg Sandve Tjøtta. Vår, sommar og haust er dei ute i skog og mark, går turar og hentar med seg ting frå naturen, som dei lagar ulike ting av, og som brukarane får med seg heim. Hest og kjerretur er og sjølvsagt når desse gruppene besøker museet. Nokre av brukarane er også ute og rir, men mange av klientane er redde og det er viktig at ein brukar tid på å verta kjende med og trygge på hesten. Om vintaren når det er på det kaldaste brukar dei å vera inne. Då spelar ein musikk, syng og lagar god mat. Kafe og kjøkken blir brukte til matlaging og fellesmåltid. Fredag føremiddag er området og brukt av dagsenteret på Nærbo. Reidunn Lerbekk er med denne gruppa, og dei brukar området frå april til september. Dei reiser ut frå dagsenteret, tek med matpakke og har lunsj ute. Dei går tur eller køyrer med hest og kjerre. Frå museet ser ein positivt på at museet og området omkring kan nyttast av ulike grupper. Vårt mål er at anlegget skal vera i bruk året rundt.

Gaidkurs

Tysdag 6. og laurdag 10.juni blei det skipa til «gaidkurs». Første dagen omhandla Jærmuseet og Kvigarden. Hanne Thomsen og Bjørn Myhre (AmS) var ansvarlege for den andre samlinga som tok føre seg kulturminna i Hanabergsmarka. Kurset var annonsert i dagspressa slik at deltakarane både var museet sine tilsette/deltidsengasjerte og andre som kunne tenkja seg å vera gaidar og vakter på museet. Oppslutninga

var god, men berre eit fåtal har blitt nytta av museet seinare. Dette har m.a. samband med at i ferisesongen var det lite pågang av grupper.

Anna utoverretta verksemd

«Sjå Jæren».

«Sjå Jæren» 1995 kom ut i byrjinga av desember. Boka var på vel 200 sider og vart trykt i 1200 eksemplar. Årboka dette året markerte både opninga av nytt museumsbygg, opninga av Hanabergsmarka kulturminne- og friluftsområde og Jærmuseet sitt 10-års jubileum. Difor handla dei fleste artiklane om museet og området omkring.

LAGER, TILVEKST OG SAMLINGAR

Museet har heller ikkje dette året prioritert noka aktiv innsamling. Me må diverre takka nei til mange tilbod, men set stor pris på at folk kontaktar oss. I tillegg til gjenstandar, har Jærmuseet hatt ein fin tilvekst av foto, bøker og arkivmateriale. Me har bl.a. fått tillegg til arkiva frå Kyllingstad og Underhaug.

Etter innflyttinga i nybygget har museet nå fått gode forhold for arkivlagring, men framleis saknar ein sårt ressursar til ordning og registrering av materialet. Det er dessutan klart at arkivplassen er for liten.

På grunn av innflytting og opning av nytt museumsbygg har ikkje handverkaren fått arbeid så mykje som tidlegare med særlege restaureringsprosjekt. Han har likevel komme eit godt stykke vidare med restaureringa av Herkules-traktoren. Me er særleg glade for at Jærmuseet har fått lånt ein tilsvarande traktor frå Norsk Motorhistorisk Museum, v/Dag og

Ole Bækkedal, på Hamar. Dermed blir det langt lettere for handverkaren å få kopiert nye deler til Jærmuseet sin Herkules.

Dette året har ein og fått til eit samarbeid om enklare restaurering med Nærbø Ungdomsskule v/ Torleif Jonassen. M.a. er det sett i stand 2 hesteplokar, 1 plenklyppar m/motor og 1 linrensemaskin.

Me vil få takka reiskapsindustrien på Jæren er til uvurderleg hjelp for museet sitt restaureringsarbeid. Me vil difor få takka Kverneland Klepp A/S og Serigstad A/S for verdfulle gratisytingar. Også ei takk til Gaute AS som har lagt ned mykje arbeid og omtanke i å finna fram til rette fargar på ulike reiskap.

Styret vil nytta høvet til å takka følgjande gjevarar:

Anny Osnes, Hå; Bjarne O.Høyland, Hå; Berit Hadland, Hå; Torgeir Gjesdal, Gjesdal; Ted Johny Taraldsen, Gjesdal; Hans Eirik Nærland, Hå; Kjell Undheim, Time; Olav E. Hodne, Klepp; Magnus Kluge, Gjesdal; Per O. Bø, Hå; Astrid Kvia, Hå; NRF Særheim, Klepp; Sverre og Mary Skjæveland, Time; Hans Augedal, Hå; Tønnes Kverneland, Time; Marit Tjøtta, Klepp; Tor Tekse, Klepp; Asbjørn Gismervik, Stavanger; Guro og Geir Nilsen, Time. Ragnnvald Garborg, Time; Levi Hole, Sandnes; Oskar Tjelta, Klepp; Kirsten Mæland, Klepp; Alf Opstad, Hå; Torstein Obrestad, Hå; Kverneland as, Klepp; Torleif Efterstøl, Time; Rakel Haar, Time; Marit og Ola Bakke, Karmøy; Magnar Time, Time; Ruth Salte Ree, Hå; Ingebjørg Sirevåg, Hå; Bjørn Bjørnsen, Stavanger; Harald Oftedal, Hå; Steinar Håland, Klepp; Torhild Vatnamot, Hå; Magnar Time, Time; Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavd.v/ Joar Ol-

tedal; Gunnar Øglend, Sandnes; Karsten Ravndal, Gjesdal; Kverneland-Underhaug a/s, Hå; Solveig Tveit, Gjesdal; Johannes Garborg, Time; Gunleiv Herigstad, Hå.

Registrering

Ei av dei mest påkrevde oppgåvene for museet er ei grundigare registrering av gjenstandssamlinga. Storparten av gjenstandstilfanget dei siste åra er berre registrert i tilvekstprotokollen. Sommaren 1995 engasjerte museet to studentar som brukte ein del av tida på gjenstandsregistrering og ajourføring av tilveksten på EDB. Ennå står mykje att og lagerforholda gjer det dessutan vanskeleg å få registrert store delar av dei samlingane som er lagra i ulike uthus.

Film/video

Museet har fotografert sers aktivt dette året også. Det gjeld spesielt i samband med registrering av fyr for Randaberg og eindel av våre eigne gjenstander.

Tilvekst i besetningen på Kviagarden 1995

Ku	Kalvingsdato	Avkom
Silkrei, (vr)	29.03	12 Åse (vr)
Plomrei, (vr)	30.04	13 Tobine (vr)
Dokka, (j)		ikkje kalv i 1995
Solrei, (vr)	04.08	14
Kvirei (vr)		slakta 22.10
Fagrei (vr)	02.07	kalven slakta

Oppsummering av EDB registreringane ved museet:

Desse registreringane har ikkje halde tritt med tilveksten på museet i 1995

Tal på registreringar	Nye	Tilsaman
Tilvekst (samlingar)	28	248
Gjenstander i Jærmuseet	1326	2239
Gjenstander i Gjesdal bygdemuseum		3545
Gjenstandar i Hå bygdem.		4848
Gjenstandar i Time bygdemuseum		279
Avisutklipp	224	2691
Reiskapskatalogar	175	1847
Lydband		109
Video/film	56	
Teikningar		142
NEG*		1970
Branntakstar**		1295
Eige bibliotek	211	2659
Periodika (nye seriar)	24	432
Fotografi	735	8902
Privatarkiv	2	31

Merknad: Bygdemusea syter for registrering av sine samlingar, men Jærmuseet har kopi av registreringane.

*NEG (Norsk Etnologisk Gransking): Museet har svar frå Rogaland på ein del spørjelister, spesielt om barn og leik, samt om sauene. Dei enkelte svara er lagde inn i ein EDB-katalog.

**Branntakstar frå Sandnes kommune.

SÆRSKILDE PROSJEKT

Audamotland

Restaureringa på Audamotland går framover med små steg. Veggene i 1. etasje er i hovudsak sette i stand og taket er påbegynt. I 2. etasje må nok ein større del av tømmeret enn først tenkt skiftast ut. Museet har fått tak i noko gammalt tømmer, men har truleg for lite.

«Med sauene til fjells»

Faggruppa for prosjektet hadde møte 21. mars.

Innsamling av intervjumateriale er nå ferdig og intervjuar er utskrivne. Det same gjeld spørjelistene. Dette året starta skrivinga av boka. Dei tre forfattarane: Torbjørn Hertel-Aas, Lars Gaute Jøssang og Målfrid Grimstvedt hadde fleire møte der dei drøfta innhald og opplegg for arbeidet. Torbjørn starta å skriva ut frå intervjumaterialet hausten '95, medan dei to andre byrjar sitt arbeid med boka i 1996.

I løpet av året kom det inn tilskot frå Gjesdal og Forsand kommunar, med tilsaman kr. 13.700,-. Det blei vedteke å prøva ein ny runde med søknader til sparebankane for å få inn noko meir pengar til boka. På grunn av stort arbeidspress på museet blei dette utsett til våren 1996.

Utstillinga «Med sauene til heis»

Dette året fekk me høve til å presentera noko av det store materialet som er samla om driftesmalen og sauene. Utstillinga var bygd opp som ein presentasjon av eit år på med sauene. I samband med sommar og haust blei det også fortalt noko om heie-

føring i eldre tid. Eit stort kart viste driftevegane frå Jæren til Sirdal- og Setesdalheiane og store foto var monterte i det store rommet over høgt magasin.

«Teknologiprojektet»

Saman med Norsk landbruksmuseum søkte Jærmuseet Norsk Kulturråd om tilskot til å dokumentera tekniske utviklingslinjer i norsk jordbruk, delprosjekt I: «Teknologisk endring og produktutvikling». Til dette fekk me i 1995 eit tilskot på 180.000 kroner. Hausten 1995 inngjekk museet ein avtale med SEFOS (Senter for samfunnsforskning v/Universitetet i Bergen) om å engasjera Eldbjørg Fossgard til å utføra delar av prosjektet. I første omgang skal ein prøva å laga eit enkelt oversyn over utviklinga av plogar og andre åkerreiskapar frå dei viktigaste jærbedriftene. I samband med dette har ein og intervjuar somme av vete- ranane frå Kyllingstad, Kverneland og Underhaug.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Budsjettet for Jærmuseet innanfor tilskotsordninga var i 1995 på kr. 1,800.000,-. Av dette utgjer stats- og fylkestilskotet vel 1,250.000; resten blir trekt av medlemskontingenten frå kommunane. Samla kommunale tilskot utgjorde omlag 630.000. Medrekna stillingar, drift og ulike prosjekt utanom tilskotsordninga utgjorde dei samla inntektene til museet i 1995 ca. 4,9 mill. Dette inkluderer 1 årsverk med attføring og vel ½ årsverk med «KAJA»-prosjekt. I tillegg kjem bortimot 1 årsverk på «KAJA» administrert av fylkeskommunen og som ikkje viser att i museet sin eigen rekneskap. I pengar utgjer dette omlag 165.000. Med utgangspunkt i dei midlane som har

passert via vårt rekneskapfordeler tilskot og inntekter seg på følgjande vis:

	1995		1994	
	kr.	%	kr.	%
Fylkeskommune/				
stat	1.250.000	25,0	766.000	28
Eigarkommunane	630.000	13,0	575.000	21
Sysselsetj./attføring	221.000	4,5	323.000	11
Særlege avt./				
prosjekt*	1.150.000	24,0	437.000	16
Egeninntekter*	1.491.000	31,0	491.000	18
Renteinntekter	82.000	1,5	171.000	6

* Omfattar PU, HNUS, Hå kommune (utstilling), Norsk Kulturråd, saueprosjekt, overførte løyvingar.

** Inkludert i eigeninntektene er oppdrag, sal av årbøker, annonse- inntekter, driftsinntekter på Kvia, medlemspengar, billettinntekter og andre arrangementsinntekter, servering, kafe, utleige og div. suvenirsal.

Ser ein på det samla driftsbudsjettet for museet utgjer dei faste løyvingane frå fylkeskommunen og kommunane ca. 37%. I kroner auka det faste offentlege tilskotet med ca. 550.000. Storparten av denne auken kom frå fylkeskommunen og inkluderte lønsutgiftene til den andre konservatorstillinga som nå blei akseptert «innanfor tilskotsordninga». I tillegg dekkar auken kostnadene til reinhald og vel halve straumrekninga i det nye museumsbygget. Andre meirutgifter i samband med overflytting og opning av det nye museumsbygget blei ikkje kompensert. Dette betyr at museet framleis er avhengig av å skaffa m.a. oppdragsinntekter. Dessutan har publikumsinntektene vore

større enn det me torde håpa på, og dei har i hovudsak dekkja utgiftene til vakter, kafehjelp og vel halve lønna til aktivitetsleiaren. 200.000 kroner i omfarmme prosjektmidlar, 100.000 frå Norsk Kulturråd og 100.000 frå Hå nærings- og utviklingsselskap, redda budsjettet i hamn. Desse tilskota fell diverre bort i 1996.

Opninga av museet, og den gledeleg store oppslutninga frå publikum har ført til vesentleg meir arbeid og større krav til administrasjon, rekneskap og økonomioppfølging. Fleire nye medarbeidarar og nye oppgåver medfører i tillegg til auka kontorarbeid og krev dessutan meir tid og oppmerksomheit kring leiarfunksjonen internt i institusjonen. Trass i vesentleg auka belastning på kontor og administrasjon er det heller ikkje dette året løyvd pengar til ei kontorstilling. Takka vera ein flink «KAJA»-person har museumsstyraren likevel blitt avlasta for det mest elementære rekneskapsarbeid og kassaoppgjer. Dette er likevel berre ei mellombels løysing.

Me må elles understreka at Hå kommune fører rekneskapen og står føre lønsutbetalingane, noko som er til svært stor hjelp og inneber vesentlege gratisyttingar frå kommunen.

Innanfor dei faste tilskota er det heller ikkje midlar til vaktmeistersteneste, sjølv om eit så pass stort anlegg, med relativ hyppig bruk av mange ulike brukargrupper, burde ha ei fast vaktmeisterstilling. Nå fungerer gardsstyraren også som vaktmeister. Dette kan vera ei god løysing under føresetnad av at ein har anna arbeidshjelp på garden og at ein kunne få ei sikrare finansiering både av vaktmeisterstenestene og gardsdrifta. Dei to siste åra har som nemnt gardsstyrarar og gardsdrifta blitt finansiert av ein mellombels avtale med helse- og sosialetaten i Hå.

Tidlegare blei museumsgarden i hovudsak driven ved hjelp av sysselsetjingsprosjekt. Desse har nå blitt kraftig redusert noko som igjen fører til sterkare press om eigeninntekter. I 1992 hadde f.eks. museet 5 årsverk + 215.000 kroner i driftsmidlar i samband med sysselsetjingstiltak. I 1993 hadde ein 8,5 årsverk. I 1995 hadde ein altså berre 2,5 årsverk. Elles er driftsstøtta felle bort og museet må heller betala ein viss eigendel på lønsutgiftene.

Møter, orienteringar, føredrag, seminar, representasjon.

Styreformann Jone Vadla har i 1995 hatt 35 reisedagar. Etter at 1. byggesteg stod ferdig er 3 dagar brukt til dette føremålet, 7 reisedagar i samband med opninga av museumsbygget, vertskap i høve ICOM-kongressen og andre representasjonoppgaver og 3 reisedagar i høve Rogaland Museumsråd. I tillegg til 7 dagar med styremøte er 15 dagar brukte til samrøding med arbeidsutvalet (museumsstyrar og nestleiar), møte med ordførar/rådmann i kommunane og fylkeskommunen og møte med bedriftsleiarar som ennå ikkje har oppfylt våre forventningar til investeringsbidrag for 1. byggetrinn. I snitt har ca. halve dagen gått med til desse oppdraga.

Målfrid Snørteland har deltatt på følgjande møte, kurs/seminar: 26.-28. 01: etnologseminaret, Voss, 13.-14.02: kurs for leiarar i kulturinstitusjonar/«Maihagen Forum», 7.03: seiminaret «Hvem skal styre museene?» Oslo, 10.03: museumsleiarmøte, Hauge-sund, 19.04: seminar om «Svensk Lantmat», fylkesmannens landbruksavdeling, Stavanger, 26.04: Rogaland Museumsråd, Jærmuseet, 1.07: årsmøtet i NKKM, Stavanger, 2.-3.11: landbruksdepartementet

sin kulturlandskapskonferanse, 6.-7.09, 4.-5.10, 8.-9.11: «Kultur og reiseliv», (i regi av Norsk Kulturråd), 19.-22.09, 14.-17.11: «Leiarutviklingsprogram i museumssektoren» (i regi av Norsk Museumsutvikling og Statskonsult).

Målfrid Grimstvedt har delteke i følgjande møte og seminar: 6.-7.02: NKKMs Plastseminar i Oslo og Halden, 1.07: årsmøte NKKM og MIKA, Stavanger, 2.-7.07: ICOMs verdskongress, Stavanger, 22.09: Rogaland Museumsråd, 10.-11.10: NKKMs seminar for Informasjonsteknologi i musea, Maihaugen, 10.-11.11: Idedugnad/Plastseminar, innlegg om plast i landbruket, Norsk Folkemuseum. Ho har halde følgjande orienteringar/foredrag utanom museet: 8.2 Klepp Husmorlag (Norske bunader), 28.2.NRK-Lo-kalen (Bunad- og Foledraktrådet), 25.4.Jæren Husflidslag (Norske bunader); 21.10 kurs i museumskunnskap (Systematisk innsamling til museene).

Oddvar B. Høyland: 9.-11.01: Stiftingsmøte «Forum for norske 4H-gardar», Trondheim, 7.-08.02: kurs i bygdeutvikling, Stavanger, 29.-31.05: Norsk Kulturforum, Arendal, 6.-7.09, 4.-5.10, 8.-9.11: «Kultur og reiseliv», 20.-24.09: europeisk og nordisk 4H-gardssamling, Hurdal, 28.-29.11: Reiselivssamling i regi av Rogaland reiseliv, Sola.

Björg Sandve Tjøtta: Stiftingsmøte «Forum for norske 4H-gardar», Trondheim, 14.-15.09: «Forum for friluftsmuseer», Bergen. Her deltok og Lars Ødemotland.

MEDLEMMER

Medlemstalet i 1995 var 239 personlege medlemmer – to mindre enn året før. Museet har i tillegg 36 (+1)

lag og 5 (- 5) bedrifter, i alt 280 medlemskap. Dette tilseier at museet bør driva meir aktiv medlemsverving.

Medlemskontingenten for personlege medlemmer blei i 1995 sett opp kr. 180,-. Elles kostar medlemskap 300 kroner for lag og 500/1000 for bedrifter. Medlemmene får årboka gratis tilsendt.

Medlemskap gir dessutan 10 kroner i rabatt på inngangspengane til museet.

ARBEIDET I KOMMUNANE

Randaberg

Samarbeidet med fyrmuseet på Tungenes har halde fram i 1995.

Torbjørn Hertel-Aas frå Jærmuseet gjennomførte våren 1995 synfaringar og registrering av gjenstandar på Kvitsøy, Marstein og Slåtterøy fyr. Han har og tatt 14 intervju med personar som har hatt arbeid eller oppvekst på ulike på ulike fyrstasjonar.

Målfrid Snørteland sit i ei faggruppe for fyrmuseet.

Gjesdal

Jærmuseet vore konsultert jamnleg om museumsarbeidet både på Limagarden og DFU-samlinga.

Sandnes

EDB-basert byutviklingsatlas

Det har vore lite framdrift i dette prosjektet i år. Men mot slutten av året laga nokre ingeniørstudentar ei oppgåve som ser ut til å føra prosjektet eit nytt steg framover. Målfrid Grimstvedt har delteke i nokre møte i samband med prosjektet dette året.

Krossens Havremølle

Sandnes kommune har nå kjøpt mølla og skal opna den som museum i 1996. Utpå Hausten starta arbeidet med å setta bygningen istand utvendig og å leggja den tilrette for publikum. Jærmuseet har påteke seg arbeidet med rydding og istandsetting, med hjelp av folk frå kommunen. Sverre Skjæveland og Lars Ødemotland arbeidde tilsaman omlag ein månad med dette. Målfrid Grimstvedt starta arbeidet med utstillingane i samarbeid med kulturvernleiar Torunn Måseidvåg utpå hausten.

Time

Jærmuseet har vore konsultert i spørsmål om museumssamlingane i kommunen.

ANDRE OPPDRAG

Gunvor Trættebergs draktarkiv

I desember månad begynte Målfrid Grimstvedt på vidare arbeid med manuset «Sjøklær og skinnhyre».

Klassifikasjonssystemet Outline

Dette prosjektet har også gått sin gang dette året. Revisjonsarbeidet vil bli avslutta i 1996.

Særskilde engasjement

Målfrid Snørteland sat fram til sommaren 1995 i kulturkomiteen/ekskursjonskomiteen for den internasjonale museumskongressen (ICOM) som vart arrangert i Stavanger i juli 1995.

Ho er styremedlem i FMK (Forskarforbundet ved museene og kulturminnevernet), sit i juryen for byggeskikkprisen i Gjesdal og er varamedlem i NKKM sin Vestlandskomite, (landsdelskomite, nedsett av museumsforbundet, og som skal vurdere og uttala seg om m.a. nye museumsbygg).

Målfrid Grimstvedt er medlem i Bunad- og folke-draktrådet og er styremedlem i MIKA, NKKMs si gruppe for museer innan industri, kommunikasjon og anlegg.

REKNESKAP 1995
INNANFOR TILSKOTSORDNINGA

	Rekneskap 1994	Budsjett 1995	Rekneskap 1995
INNTEKTER			
Tilskotsordninga			1 807 118
– stat	401 700		
– fylke	364 250	1 251 000	
– kommun.	314 250	549 000	
Samla tilskot	1 080 200	1 800 000	1 807 118
Andre tilskot			3 464
Andre inntekter	143		27 497
Renter	17 560		
Samla inntekt	1 097 903	1 800 000	1 838 079
Underskot			116 331
Sum			1 954 410
UTGIFTER			
Løn faste stillingar	562 883	920 000	906 387
+ sos. utg			
Inventar og utstyr	39 716	40 000	85 232
Andre innkjøp	5 978	10 000	
Innkjøp til samlingane			8 153
Verktøy og maskinar			15 057
			108 442
Vedlikehald bygn./anlegg	59 021	30 000	4 855
Teknisk vedlikehald		40 000	13 570
Div. alarmar			10 122
Vedlikehald samlingar	18 594	30 000	23 747
		100 000	52 294
Telefon	23 024		48 278
Kontorrekvisita	28 748		30 686
EDB-driftsutg.			34 420
Porto	21 101		16 978
Andre kontorutg.	3 660		2 650
Sum kontorutgifter	76 533	90 000	133 012
Trykksaker			49 179
Straum	66 839	180 000	128 311
Reinhald/rydding		130 000	141 802
Husleige	52 181	42 000	56 852
Avgift./forsikr.	39 861	40 000	49 118
Reiser kontor			15 730
Bilgodtgj. kontor			9 271
Bil styre/nemder			2 150
Reiser andre			3 448
Kurs			29 975
Sum reiseutg./kurs	38 601	85 000	60 574
Transport/maskinleige	20 569	20 000	26 020
Drift av bil/maskinar	12 630	20 000	30 337
Vedl.h.inventar/utstyr	31 715	25 000	11 660
Arbeidsklede/småverktøy			5 607
Annonsering/utstilling	10 398	38 000	91 654
Innkjøp bibliotek	17 615	20 000	20 064
Foto, video	22 818	15 000	34 927
Kontingentar			11 050
Møteutg./representasjon			24 810
Andre driftsutg.	23 967	25 000	12 310
Sum driftsutgifter	1 099 927	1 800 000	1 954 410

REKNESKAP 1995
UTANFOR TILSKOTSORDNINGA

	Rekneskap 1994	Budsjett nov '95	Rekneskap 1995
INNTEKTER			
Sal av mat kafe		210 000	209 806
Servering grupper		110 000	131 680
Billettsal		490 000	485 851
Skular/barnehagar etc.		75 000	114 989
Andre arr. inntekter	116 868	25 000	26 100
Utleige		95 000	108 450
Sum publikumsinntekter	116 868	1 005 000	1 076 876
Annonser	46 000	60 000	56 900
Sal av bøker/trykksaker	23 400	30 000	17 996
Kort/plakatar			26 999
Varesal/suvenir	2 532	110 000	87 176
Oppdrag	172 204	60 000	96 284
Medlemspengar	24 180	57 720	57 720
Kontingent kommunar	260 580	88 022	88 022
Div. lønsrefusjonar	284 508	230 000	220 941
Tilskot Norsk Kulturråd	100 000	100 000	280 000
Tilskot fylkesm. naturlos			50 000
Tilskot Rogaland fylkesk.	7 500	2 000	2 000
Kommunale tilskot sau	47 250	13 700	13 700
Andre tilskot sauaprojekt	63 550	14 607	9 350
Gåve Kvía (Hå drifts-kredittlag)	472	5 258	
Tilskot smie		10 000	10 000
Tilskot PU/HNUS	93 847	560 000	627 280
Prosjekt turveggar		238 000	238 200
Tilskot utstilling		60 000	60 000
Produksjonstilskot	31 780	6 400	6 402
Sal landbruksprodukt	62 342	70 000	77 450
Div. inntekter			1 569
Refusjon av utlegg			16 014
Renter	153 467		55 433
			3 181 570
Tilskot NKKMs filmnemnd	30 000		
Refusjon sjukepengar	13 310		
Tilskot Direktoratet for naturforv		20 000	
Forsikringsutbetaling		12 000	
		1 565 790	
Overskot 1993/(«Kaja»)		25 007	
Forbruk løyv. Audamotland		32 149	50 000
Investeringsmidlar Kvía		49 414	
Samla inntekt	1 672 359	2 715 449	3 231 570

REKNESKAP 1995

UTANFOR TILSKOTSORDNINGA

	Rekneskap 1994	Budsjett nov '95	Rekneskap 1995
UTGIFTER:			
Løn faste still. (inkl. sos. utg.)	270 839	752 000	
Engasjement/vakt/ ekstrahjelp	355 738	500 000	
Løn «SKAP»/attføring	217 567		
Overtid/helgetillegg		150 000	
Sum løn		1 402 000	1 292 370
Sosiale utgifter	168 475		222 311
Sum	1 012 619	1 402 000	1 514 681
Inventar/utstyr kafe område		15 000	10 605
Inventar og utstyr	50 012		
Innkjøp samlinger/dyr	24 036		
Vedlikehald andre anlegg	32 149	150 000	230 277
Hevdafjos Kvía	49 414		
Teknologiprojekt			40 000
Turvegprosjekt		185 000	185 089
Eksterne restaurerings- prosjekt			5 692
Driftsutgifter Kvía/PU	82 394	130 000	109 781
Div. utgifter (kontor)	3 384	4 000	
Reiser/bil/kurs	55 283	45 000	55 864
Transport			16 083
Publikasjoner	116 708	90 000	114 321
Div. trykksaker/kort		25 000	31 378
Utstilling		116 500	116 356
Innkjøp mat/utg. grupper		70 000	80 277
Innkjøp kafedrift		122 000	122 084
Kjøp varer for sal		87 000	88 706
Kurs	4 723		
Arrangementsutg	15 555		
Foto/film	43 734		
Sum driftsutg.	1 490 010	2 783 500	2 721 195
Renter byggefond	44 525		8 200
Renter disposisjonsfond	8 000		47 233
Renter lotterifond	7 000		
Renter Audamotland	10 000		
Overført løyving sauaprosj	110 800		23 050
Overført løyving NKR			140 000
Overført løyving naturlos		38 307	25 000
Overført løyving PU			75 000
Overført løyving smie			10 000
Underskot tilskotsord.	1 670 335		3 049 678
	2 024		116 331
Samla utgifter	1 672 359		3 166 009
Overskot/underskot		-105 000	65 561

BALANSEKONTO PR. 31.12 1995

	Rekneskap 1994	Rekneskap 1995
AKTIVA		
<i>Kasse/bank:</i>		
Kasse	2 494	7 527
Postgiro	10 592	5 759
Time Sparebank	15 901	16 330
SR-bank	3 694 625	4 071 857
SR-bank skattetrekksmidlar		103 591
Andel Nærbo handelslag		255
	3 723 612	4 205 320
<i>Kortsiktige krav:</i>		
Krav mva.		71 991
Interimskonti		-963 919
<i>Anleggsmidlar:</i>		
Faste eigedommar	16 083 457	18 138 790
Avskriving bygningar		-321 670
		17 817 120
Sum aktiva	19 807 068	21 130 511
PASSIVA		
<i>Kortsiktig gjeld:</i>	130 783	
Interimskonti	54 759	
Forskotstrekk, skatt/avg.		103 591
Skuldig arbeidsgjevaravgift		59 381
Skuldig feriepengar/arb.gjev.avg.		218 448
Leverandørgjeld	25 870	457 561
		838 981
<i>Langsiktig gjeld, Hå kommune</i>		535 000
<i>«Frie» fond:</i>		
Disposisjonsfond	105 798	218 592
Lotterimidlar	89 767	89 767
<i>Overførte ubrukte løyvingar:</i>		
Kviagarden	42 626	42 626
Årbokmidlar	66 700	66 700
Audamotland	377 398	327 398
Teknologiprojekt		140 000
Overførte midlar sau	183 700	206 750
Overførte midlar PU/skule		75 000
Innreing smie		10 000
Overførte midlar fylkesmannen		25 000
Byggefond	2 742 857	1 359 224
2. byggesteg		10 000
Kap.konto ferip./arb.g.avg.	-96 647	
Kapitalkonto	16 083 457	17 185 473
Sum passiva	19 807 068	21 130 511